

MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Dato: 16.02.2012 kl. 17:00 til kl. 19.00
Stad: Kommunestyresalen
Arkivsak: 12/00017

Tilstades: Solveig Vestenfor (Ap), Audun Vestenfor (Ap), Bjørn Trengereid Olsen (Ap), Yngve Bøygard (Ap), Marie Skråmestø (Ap), Heidi Kristiansen (Frp), Torhild Helling Bergaplass (H), Jan Idar Dalseide (H), Hallgrim Satastlåtten (H), Åge Ødelien (H), Birger Jorde (Krf), Ingeborg Kaslegard Frydenlund (Krf), Narve Thorset (Krf), Ivar Brevik (Sp), Knut Oleivsgard (Sp), Bjørg Torsteinsrud (Sp), Inger Karin Bøygard (Sp), Magny Reinton Folkedal (Sp), Ole Egil Trinrud (Sp), Per Ove Nybråten (Sv), Ove Bråten (V), Sissel Urke (V), Ellen Oppsata Mikkeldrud (V), Dagfinn Ystad (V)

Møtande varamedlemmer: Yngve Bøygard (Ap), Narve Thorset (Krf), Per Ove Nybråten (Sv), Dagfinn Ystad (V), Johan Helland (Frp) kom til møtet før handsaminga av sak 4/12 Vemund Gudbrandsgard (H) møtte i sak 1/12

Forfall: Harald Varlid (Ap), Lise Løvdokken (Ap), Ida Marie Holen (Frp), Ole Tor Oleivsgard (Krf), Hallvard Indgjerd (Sv), Jens Petter Brandlie (V)

Andre: Frå administrasjonen møtte rådmann Bjørgulv Noraberg

Protokollfører: Sekretariatet v/Kirsten Sollien

Det var 24 representantar tilstades under handsaming av sak 1, 2 og 3.
Det var 25 representantar tilstades frå sak 4 og ut møtet.
Det var ingen merknad til innkalling, sakliste eller protokoll frå møtet 19.01.12

Underskrifter:

Ivar Brevik (Sp) Per Ove Nybråten (Sv) Ingeborg K. Frydenlund (Krf)
ordfører

SAKLISTE			Side
Saker til handsaming			
1/12	12/00187-1	Skal Ål kommune bygge kloakkledning til Sangefjell?	3
2/12	12/00100-10	Ekspropriasjon av grunn til opparbeiding av Gunnarhaugen bustadfelt	5
3/12	12/00520-1	Tilleggsøyving for forskottering - Ål skulepark	6
4/12	12/00638-1	Tilstandsrapport for oppvekstsektoren 2011	7
5/12	12/00239-1	Næringstilskot - framføring av straum - Gaurhovdstølane	8
6/12	12/00038-2	Næringstilskot - næringsfondet - Smestad Invest AS	9
7/12	12/00297-2	Søknad om fritak frå politiske verv	10
8/12	12/00041-1	Suppleringsval - medlem i kommunestyret og varamedlem i formannskapet	11
9/12	12/00318-1	Suppleringsval til kommunale styrer, råd og utval 2011 - 2015	12
10/12	12/00643-1	Meldingar og orienteringssaker til kommunestyret 16.02.2012	14

Ål, 16.02.2012

Ivar Brevik
ordfører

1/12 Skal Ål kommune bygge kloakkledning til Sangefjell?

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	16.02.2012	1/12

Rådmannen si innstilling:

Med bakgrunn i motteke svar frå hytteeigarane på delar av Sangefjell vedtek Ål kommunestyre å ikkje bygge ut kommunal kloakkledning frå Kleivi og opp til Sangefjell.

Kommunestyret ber rådmannen om å følgje opp kommunestyrevedtak 11/11 med målsetjing om at hytter med innlagt vatn på delar av Sangefjell skal vera tilkople fullverdig felles renseanlegg innan 1. september 2016.

Handsaming

Jan Idar Dalseide (H) utfører slamtøming i området og gjekk frå som inhabil. Vemund Gudbrandsgard tok pass i hans stad under handsaming av saka.

Det var 24 representantar tilstades.

Etter oppfordring frå Torhild Helling Bergaplass (H) orienterte avd. leiar Reidun Aaker om begrepet «områdereguleringsplan».

Torhild Helling Bergaplass (H) gjorde slikt framlegg:

Setning 1 som rådmannen si innstilling.

Setning 2 vert skifta ut med:

I arbeidet med vidare planlegging av avlaupsløysingar for Sangefjell, bed kommunestyret om at STNR vurderer fleire alternative private løysingar.

Det vart halde gruppemøter.

Etter gruppemøtet la **Audun Vestenfor (Ap)** fram slikt omforeintframlegg:

Pkt. 1 som rådmannen si innstilling til 1. setning.

Pkt. 2 som Helling Bergaplass sitt framlegg til 2. setning.

Pkt. 3 som rådmannen si innstilling til 2. setning med den endring at ordet «felles» vert teke ut.

Votering

Det vart røysta enkeltvis over dei 3 punkta i Vestenfor sitt framlegg, og dei vart alle samrøystes vedtekne.

Vedtak

1. Med bakgrunn i motteke svar frå hytteeigarane på delar av Sangefjell vedtek Ål kommunestyre å ikkje bygge ut kommunal kloakkledning frå Kleivi og opp til Sangefjell.

2. I arbeidet med vidare planlegging av avlaupsløysingar for Sangefjell, bed kommunestyret om at STNR vurderer fleire alternative private løysingar.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å følgje opp kommunestyrevedtak 11/11 med målsetjing om at hytter med innlagt vatn på delar av Sangefjell skal vera tilkopla fullverdige renseanlegg innan 1. september 2016.

2/12 Ekspropriasjon av grunn til opparbeiding av Gunnarhaugen bustadfelt

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	16.02.2012	2/12

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 16-2 å eksproprierer aktuell grunn frå eigar av gbnr 64/1 og 64/42, for bygging av veg og for å få tilstrekkeleg areal til bustadtomt T10 i samsvar med vedteken detaljreguleringsplan for Gunnarhaugen bustadfelt – utviding, planid. 2007006
2. Det vert kravd rettsleg skjønn ved Hallingdal tingrett.
3. Det vert søkt Fylkesmannen om å ta grunn i bruk før skjønn er halde.

Vedtaket i pkt. 1 kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud, innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Behandling

Avd. leiar Reidun Aaker orienterte om saka.

Votering

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Ål kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 16-2 å eksproprierer aktuell grunn frå eigar av gbnr 64/1 og 64/42, for bygging av veg og for å få tilstrekkeleg areal til bustadtomt T10 i samsvar med vedteken detaljreguleringsplan for Gunnarhaugen bustadfelt – utviding, planid. 2007006
2. Det vert kravd rettsleg skjønn ved Hallingdal tingrett.
3. Det vert søkt Fylkesmannen om å ta grunn i bruk før skjønn er halde.

Vedtaket i pkt. 1 kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud, innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

3/12 Tilleggsløyving for forskottering - Ål skulepark

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	19.12.2011	118/12
2 Kommunestyret	16.02.2012	3/12

Formannskapet si innstilling:

1. Ål kommunestyre ser stor føremon i å kunne byggje ut Ål skulepark som eit samla prosjekt.
2. Ål kommunestyre gjev tilleggsløyving på kr. 1.025.000,- for å kunne fullføre prosjektet Ål skulepark. Mva kompensasjonen på kr. 1.025.000,- vert tilført byggebudsjettet.
3. Ål kommunestyre vedtek å forskottere resterande spelemiddeltilskott på kr. 1 200 000,- til Ål skulepark ved lån frå Kapitalfondet. Summen vert ført tilbake til fondet når spelemiddeltilskottet vert utbetalt. Truleg i løpet av 2012 – 2013.

Behandling

Votering

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Ål kommunestyre ser stor føremon i å kunne byggje ut Ål skulepark som eit samla prosjekt.
2. Ål kommunestyre gjev tilleggsløyving på kr. 1.025.000,- for å kunne fullføre prosjektet Ål skulepark. Mva kompensasjonen på kr. 1.025.000,- vert tilført byggebudsjettet.
3. Ål kommunestyre vedtek å forskottere resterande spelemiddeltilskott på kr. 1 200 000,- til Ål skulepark ved lån frå Kapitalfondet. Summen vert ført tilbake til fondet når spelemiddeltilskottet vert utbetalt. Truleg i løpet av 2012 – 2013.

4/12 Tilstandsrapport for oppvekstsektoren 2011

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sektorutval for kultur og oppvekst	24.01.2012	1/12
2 Kommunestyret	16.02.2012	4/12

Sektorutval for kultur og oppvekst si innstilling:

Ål kommunestyre tek rapporten til orientering.

Behandling

Kommunalsjef Eldgrim Springgard orienterte.

Votering

Sektorutval for kultur og oppvekst si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ål kommunestyre tek rapporten til orientering.

5/12 Næringsstilskot - framføring av straum - Gaurhovdstølane

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Næringsstyret	30.01.2012	2/12
2 Kommunestyret	16.02.2012	5/12

Næringsstyret si innstilling:

Ål kommunestyre avslår søknaden Gaurhovdstølane på kr. 586 000, til framføring av straum til Gaurhovdstølane.

Ål kommunestyre løyver 25 % av totalkostnad avgrensa til kr. 71 500. Tilskotet skal gå til dei 2 stølane der det er mjølkeproduksjon, fordi dei har direkte næringsmessig nytte av innlagt straum. Tilskotet blir løyvd frå konto 21375405 Næringsfond 2012 og blir utbetalt i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker.

Behandling

Dagfinn Ystad (V) gjorde slikt framlegg om tillegg til næringsstyret si innstilling: Vilkåret for utbetaling av støtte er at det er aktiv mjølkeproduksjon på stølen.

Votering

Næringsstyret si innstilling vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Ystad om tillegg vart vedteke med 20 mot 5 røyster (5Sp)

Vedtak

Ål kommunestyre avslår søknaden Gaurhovdstølane på kr. 586 000, til framføring av straum til Gaurhovdstølane.

Ål kommunestyre løyver 25 % av totalkostnad avgrensa til kr. 71 500. Tilskotet skal gå til dei 2 stølane der det er mjølkeproduksjon, fordi dei har direkte næringsmessig nytte av innlagt straum. Tilskotet blir løyvd frå konto 21375405 Næringsfond 2012 og blir utbetalt i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Vilkåret for utbetaling av støtte er at det er aktiv mjølkeproduksjon på stølen.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker.

6/12 Næringsstilskot - næringsfondet - Smestad Invest AS

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Næringsstyret	30.01.2012	3/12
2 Kommunestyret	16.02.2012	6/12

Næringsstyret si innstilling:

Kommunestyret i Ål avslår søknaden på kr. 680 000 og løyver inntil 10 % av samla kostnader avgrensa til kr. 273.000, til Smestad Invest AS. Tilskotet skal nyttast til utviding av areal og ny bygningsmasse på næringsarealet i Bjørøyvegen på Torpo, og blir løyvdfra konto 21375405 Næringsfond 2012.

Tilskotet blir utbetalt i samsvar med vedtekne retningsliner for næringsstilskot og Reglane for bagatellmessig støtte.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker.

Behandling

Votering

Næringsstyret si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kommunestyret i Ål avslår søknaden på kr. 680 000 og løyver inntil 10 % av samla kostnader avgrensa til kr. 273.000, til Smestad Invest AS. Tilskotet skal nyttast til utviding av areal og ny bygningsmasse på næringsarealet i Bjørøyvegen på Torpo, og blir løyvdfra konto 21375405 Næringsfond 2012.

Tilskotet blir utbetalt i samsvar med vedtekne retningsliner for næringsstilskot og Reglane for bagatellmessig støtte.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker.

7/12 Søknad om fritak frå politiske verv

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Valnemnda	06.02.2012	2/12
2 Kommunestyret	16.02.2012	7/12

Valnemnda si innstilling:

Sigrun Thoen (Sp) får etter søknad fritak som varamedlem til sektorutvalet for kultur og oppvekst (SUKO) og sektorutvalet for helse og sosial (SHS).

Varamannslista for Sp til SUKO vert slik:

1. Bjørn Herbrand Tretterud
2. Elin Nordheim Skarpås
3. Magny Reinton Folkedal
4. Arnfinn Sorteberg

Varamannslista for Sp til SHS vert slik:

1. Martin Storedal
2. May Rose Aarsnes Brattegard
3. Magne Reidar Liahagen
4. Mette Feten

Behandling

Votering

Valnemnda si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Sigrun Thoen (Sp) får etter søknad fritak som varamedlem til sektorutvalet for kultur og oppvekst (SUKO) og sektorutvalet for helse og sosial (SHS).

Varamannslista for Sp til SUKO vert slik:

1. Bjørn Herbrand Tretterud
2. Elin Nordheim Skarpås
3. Magny Reinton Folkedal
4. Arnfinn Sorteberg

Varamannslista for Sp til SHS vert slik:

1. Martin Storedal
2. May Rose Aarsnes Brattegard
3. Magne Reidar Liahagen
4. Mette Feten

8/12 Suppleringsval - medlem i kommunestyret og varamedlem i formannskapet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Valnemnda	06.02.2012	1/12
2 Kommunestyret	16.02.2012	8/12

Valnemnda si innstilling:

Yngve Bøygard blir nytt fast medlem i kommunestyret (opprykk)

Arbeiderpartiet si varamannsliste til formannskapet vert slik:

1. Audun Vestenfor
2. Bjørn Trengereid Olsen
3. Yngve Bøygard

Arbeiderpartiet si varamannsliste til administrasjonsutvalet vert slik:

1. Audun Vestenfor
2. Bjørn Trengereid Olsen
3. Yngve Bøygard

Behandling

Votering

Valnemnda si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Yngve Bøygard blir nytt fast medlem i kommunestyret (opprykk)

Nils-Inge Rødningen Øyre blir ny 8. varamedlem for arbeiderpartiet i kommunestyret (opprykk).

Arbeiderpartiet si varamannsliste til formannskapet vert slik:

1. Audun Vestenfor
2. Bjørn Trengereid Olsen
3. Yngve Bøygard

Arbeiderpartiet si varamannsliste til administrasjonsutvalet vert slik:

1. Audun Vestenfor
2. Bjørn Trengereid Olsen
3. Yngve Bøygard

9/12 Suppleringsval til kommunale styrer, råd og utval 2011 - 2015

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Valnemnda	06.02.2012	3/12
2 Kommunestyret	16.02.2012	9/12

Valnemnda si innstilling:

Ål kommunestyre gjer følgjande suppleringsval til styrer, råd og utval 2011-2015:

Overtakstnemnda for eigedomsskatt:

Medlemmer:

1. Odd Harald Sørboen – leiar
2. Arne Strendo – nestleiar
3. Olav Grønbye
4. Gunnar Nyhus
5. Sigrun Simonsen Harham
6. Sigrid Ella Kyrkjedelen

Varamedlemmer:

1. Eivind Torsethaugen
2. Ragnar Ekse
3. Torstein Haga
4. Agnar Tenold
(framlegg vert lagt fram i kommunestyret)
5. Asle Stølen

Utsmykkingsnemnda:

Som nytt medlem til utsmykkingsnemnda vert valt Marianne Laa.

17. mai nemnd:

Medlemmer:

- | | |
|-----------------------|--------------------------|
| Knut Sandåker | vald for åra 2012 – 2014 |
| Marianne Laa | 2011 – 2014 |
| Anne S. Gudbrandsgard | 2012 – 2015 |
| Tone Idunn Anthun | 2012 – 2015 |

,,,,,,,,,,,,,

Medlemslista blir supplert ved valet i kommunestyret.

Styret for Bygdearkivet:

Som revisor til styret for Bygdearkivet vert valt Einar Brattegard.

Legatstyre for Vatsgrendene:

Inger Elise Kaslegard vert valt som leiar og Nils Ellingsgard som nestleiar i legatstyret for Vatsgrendene. Reidun Thorsen vert valt som 2. varamedlem. Legatstyret har med dette valet slik samansetning:

Medlemmer:

1. Inger Elise Kaslegard – leiar
2. Nils Ellingsgard – nestleiar
3. Birger Embrik Kaslegard
4. Einar Thoen
5. Ragnhild Havardsgard

Varamedlemmer:

1. Einar Ådnegard
2. Reidun Thorsen

Behandling

Ordførar Ivar Brevik (Sp) gjorde slike framlegg:

- Varamedlem til overtakstnemnda for eigedomsskatt: Torgeir Slåtto
- Nytt medlem til 17. mai nemnda: Tove Østingsen
- Nestleiar i legatstyret for Vatsgrendene i staden for Nils Ellingsgard: Einar Thoen

Votering

Valnemnda si innstilling med ordføraren sine framlegg vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

Ål kommunestyre gjer følgjande suppleringsval til styrer, råd og utval 2011-2015:

Overtakstnemnda for eigedomsskatt:

Medlemmer:

1. Odd Harald Sørbøen – leiar
2. Arne Strendo – nestleiar
3. Olav Grønbye
4. Gunnar Nyhus
5. Sigrun Simonsen Harham
6. Sigrid Ella Kyrkjedelen

Varamedlemmer:

- Eivind Torsethaugen
Ragnar Ekse
Torstein Haga
Agnar Tenold
Torgeir Slåtto
Asle Stølen

Utsmykkingsnemnda:

Som nytt medlem til utsmykkingsnemnda vert valt Marianne Laa.

17. mai nemnd:

Medlemmer:

- | | |
|-----------------------|--------------------------|
| Knut Sandåker | vald for åra 2012 – 2014 |
| Marianne Laa | 2011 – 2014 |
| Anne S. Gudbrandsgard | 2012 – 2015 |
| Tone Idunn Anthun | 2012 – 2015 |
| Tove Østingsen | 2012 - 2015 |

Styret for Bygdearkivet:

Som revisor til styret for Bygdearkivet vert valt Einar Brattegard.

Legatstyre for Vatsgrendene:

Inger Elise Kaslegard vert valt som leiar og Nils Ellingsgard som nestleiar i legatstyret for Vatsgrendene. Reidun Thorsen vert valt som 2. varamedlem. Legatstyret har med dette valet slik samansetning:

Medlemmer:

1. Inger Elise Kaslegard – leiar
2. Einar Thoen - nestleiar
3. Birger Embrik Kaslegard
4. Nils Ellingsgard
5. Ragnhild Havardsgard

Varamedlemmer:

1. Einar Ådnegard
2. Reidun Thorsen

10/12 Meldingar og orienteringssaker til kommunestyret 16.02.2012

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	16.02.2012	10/12

Rådmannen si innstilling:

Ingen.

Behandling

Meldingane vart tekne til orientering. Ingen vedtak vart gjort.

Votering

Vedtak

Ingen.

Til slutt i møtet svara ordføreren på nedanstående skriftlege spørsmål frå Ål Fremskrittsparti v/Heidi Kristiansen:

Et godt måltid har svært mye å si for både helse og trivsel i eldre år. Undersøkelser viser at mange eldre går dramatisk ned i vekt når de blir institusjonsbeboere. Det er selvfølgelig mange årsaker til dette, demens til eksempel.

Vi i Ål FrP har fått tilbakemelding fra brukere, både hjemmeboende og institusjonsboende om at maten, da spesielt middagen som serveres ikke er tilfredsstillende for alle. Vi vet også at pasienter har fortalt at de ikke tør si i fra om at de ikke finner maten smakfull av frykt for represalier. Vi vet også at mange eldre ønsker å bidra i matlaging i servering og i borddekking. Meningsfull aktivitet er viktig. I julehøytiden var det flere som savnet den tradisjonelle lutefiskmiddagen.

Felleskjøkkenet har ikke mulighet til å lage verken lutefisk eller pinnekjøtt, pga oppbevaring og oppvarmingen av maten. Det har også blitt oss fortalt at Formannskapet har prøvesmakt maten fra Felleskjøkkenet og at denne ble smaksatt på avdelingen. Var årsaken at den ikke var smakfull?

Vi i Ål FrP vil påpeke at vi ikke er ute etter å kritisere ansatte ved Felleskjøkkenet på noen måte. Vi ønsker å se på mulighet for at mer av maten blir laget i nærheten av der pasienter og beboere befinner seg.

Spørsmålene blir da som følger:

1. Har det blitt foretatt undersøkelser blant pasienter og pårørende om hva de synes om maten som serveres og om valgfrihet med hensyn til hva den enkelte ønsker til middag.
2. Med dagens system er det mulig at eldre som ønsker deg, kan være med i matlaging ol.?
3. Har det blitt vurdert mulighet for å tilbakeføre noe av matlagingen til Ål Bo- og behandlingssenter. Vi planlegger jo å bygge ut med til og stunder.

Heidi Kristiansen
Ål FrP

Ordfører Ivar Brevik sitt svar til dei enkelte spørsmåla:

Et godt måltid har svært mye å si for både helse og trivsel i eldre år. Undersøkelser viser at mange eldre går dramatisk ned i vekt når de blir institusjonsbeboere. Det er selvfølgelig mange årsaker til dette, demens til eksempel.

Vi i Ål FrP har fått tilbakemelding fra brukere, både hjemmeboende og institusjonsboende om at maten, da spesielt middagen som serveres ikke er tilfredsstillende for alle. Vi vet også at pasienter har fortalt at de ikke tør si i fra om at de ikke finner maten smakfull av frykt for represalier. Vi vet også at mange eldre ønsker å bidra i matlaging i servering og i borddekking. Meningsfull aktivitet er viktig. I julehøytiden var det flere som savnet den tradisjonelle lutefiskmiddagen. Felleskjøkkenet har ikke mulighet til å lage verken lutefisk eller pinnekjøtt, pga oppbevaring og oppvarmingen av maten. Det har også blitt oss fortalt at formannskapet har prøvesmakt maten fra Felleskjøkkenet og at denne ble smaksatt på avdelingen. Var årsaken at den ikke var smakfull?

Svar:

Dette er ikke korrekt gjengjeve. Då formannskapet fekk prøvesmake maten frå felleskjøkkenet, vart den ikkje smaktilsett, men det vart ved postkjøkkenen kokt ekstra grønnsaker fordi det var lite grønnsaker i stuinga som kom frå felleskjøkkenet.

Vi i Ål FrP vil påpeke at vi ikke er ute etter å kritisere ansatte ved Felleskjøkkenet på noen måte. Vi ønsker å se på mulighet for at mer av maten blir laget i nærheten av der pasienter og beboere befinner seg.

Spørsmålene blir da som følger:

1. Har det blitt foretatt undersøkelser blant pasienter og pårørende om hva de synes om maten som serveres og om valgfrihet med hensyn til hva den enkelte ønsker til middag.

Svar:

Same spørsmål som blir stilt i dette brevet vart også stilt til helse- og sosialsektoren i hausthalvåret 2011 t.d. gjennom lesarbrev i Hallingdølen. Som følge av dette vart tematikken teke opp i leiargruppa, og prosedyrar og tilberedningsprosess vart gjennomgått på nytt. Det vart også vurdert avdelingenes oppleving av maten som blir sendt fra felleskjøkkenet til institusjon og heimebuande.

For å få brukarane si oppleving rundt middagsmåltid, er det ved avdelinga innført skjema som dagleg registrerar opplevinga av måltida. Den tilsette ved postkjøkken kjem og med sine tilbakemeldingar og vurdering av maten som kjem frå felleskjøkkenet. Ho registrerar t.d. om det er klumpar i sausen og om det er for lite eller for mykje krydra. Tilbakemeldingane frå brukarane er at dei er stort sett nøgd med maten som dei får servert.

Det er også viktig med god kunnskap hjå dei som tilberedar maten frå felleskjøkkenet for at smaksopplevinga skal bli optimal. På ei av avdelingane har ein ved postkjøkken tilsett kokk i denne funksjon.

For å skape variasjon i kostholdet er det innført ordningar med vekemenyar.

Valfrihet/ ønskekost: Det er pr. i dag gjort registrering på kvar einskild pasient i forhold til kosthaldskort om det er noko dei ikkje likar eller tåler. Pasientar får tilbod om ein annan rett som tilberedes ved postkjøkkenet. Ønskekost til pasientar med dårlig matlyst blir også tilberedt ved postkjøkken etter behov. Bestillingstid på felleskjøkken er såpass lang, at det ikkje kan brukast i høve til ønskekost.

Det kom nye nasjonale retningslinjer for ernæring i 2009. Desse gjev råd og føringar for å unngå feil- og underernæring blant eldre. Med rolla som Utviklingsenter for Buskerud har ein ved Ål bu og behandlingssenter vore tidleg i gang med implementering av desse føringane.

Ved Ål bu- og behandlingssenter og heimetenesta, har ein innarbeid faste rutinar for veging av alle pasientar. Denne vert dokumentert i journal og ved avvik vert det sett i verk tiltak. Lege blir alltid teke med i vurderingar vedr. tiltak.

Det kan også nemnast at ein har sett i verk tiltak for å unngå lang nattfaste ved å lage og tilby alle pasientar havresuppe om morgonen.

Ved postkjøkkenet vert også maten individuelt tilpassa med f.eks. beriking til dei som har behov for det. Det vert også laga smårettar som vert servert som mellommåltid.

Det pågår eit prosjekt ved utviklingsenteret innan ernæring med bakgrunn i dei nasjonale føringane, der ein å mellom anna utviklar eit læringsprogram for tilsette. Det er også etablert ernæringsnettverk i Hallingdal for å implementere og spreie kunnskap.

2. Med dagens system er det mulig at eldre som ønsker det, kan være med i matlaging ol.?

Svar:

Brukerane kan vere med i tilberedning rundt tørrmåltid, men middagslaging har dei ikkje moglegheit til å ta del i som aktivitet. Ved tillaging av smårettar som

t.d. lappar og vaflar, blir ofte brukarane med om dei ynskjer dette. Brukarar som er i stand til det, kan bli tekne med i arbeidet med borddekking. Middagsmat kjem ferdig laga frå felleskjøkken. Siste tilberedning blir gjort på postkjøkken, men ein nyttar då avansert utstyr for oppvarming. Dette gir ikkje rom for å inkludere brukarane. Ein må også her minne om regelverk frå mattilsynet som legg strenge føringar ved tilberedning av mat ved institusjonar. I brukarens heim vil tilberedning av mat kunne brukast som ein aktivitet i høve til opptrening og rehabilitering der dette er hensiktsmessig.

3. Har det blitt vurdert mulighet for å tilbakeføre noe av matlagingen til Ål Bo- og behandlingssenter.

Svar:

Nei, det er ikkje gjort innspel i høve til dette med tanke på utbygginga. Dette fordi ein opplever tenesta som vel fungerande. Ein vil likevel alltid foreta evaluering av ordninga med moglegheit for endringar der det skulle vise seg naudsynt. Eg vil til slutt ta med at middag frå felleskjøkkenet også vert brukt i offentlege samanhengar, no sist under besøk av rektor og dekan ved høgskule, kommunaldirektør i Drammen kommune, samhandlingssjefar ved Vestre Viken og rådgjevar hjå Fylkesmannen.

Ål 16.02.12
Ivar Brevik,
ordfører